



nylvsmøller



** Smil og glede - UTAN vindmøller. Anne Grete Kragset (t.v.) og Randi Nygjerde under Kragsethornet. Begge er med i arbeidsgruppa til aksjonsgruppa mot vindmøller. (Foto: Erlend Kragset)*

eigarar. Det handlar om naturen vår og fjella våre, og det vil dessutan garantert påverke nabobygder i fleire himmelretningar, seier Nygjerde.

Ut mot kommunen

Ho er svært overraska over at Vanylven kommune etter eit «internt sonderingsmøte» i februar i fjor kan sjå ut til å ha vore pådrivar i vindparksaka. Ikkje minst teke i betrakning det som står i arealplanen, der den aktuelle fjellheimen og Åram krins er utpeika til satsingsområde innan turisme. Ordføraren har sogar omtala krinsen som «indrefileten» i kommunen.

– For oss der det ut som saka har vore planlagt frå kommunen si side, der administrasjon og politikarar har arbeidd målretta i kulissane. Ikkje minst varaordføraren har vore sentral, hevdar Nygjerde.

Store dimensjonar

Ho peikar på det faktum at møllene vert heile 106 meter høge, dimensjonar mange kanskje ikkje har tenkt over.

– Dette krev også store terengingngrep til infrastruktur. Her må vi hugse at fjellheimen

** Slik tenkjer animasjonselskapet Ryste3D seg vindmøllene sett frå Sandviksanden på Hakallestranda.*

vår har vore omfatta av reguleringar frå før. Sandvikvatnet er drikkevasskjelde og Brandalselva er lagt i rør. Men med så store inngrep dette legg opp til kjem det truleg også i konflikt med den statusen kystlyngheiene i fjellet har, påpeikar Nygjerde.

Aksjonsgruppa stiller seg også tvilande til «lovnaden» om at utbygginga vil verte så positiv for lokalt næringsliv, ettersom det er eit spesielt fagfelt som skal lysast ut på anbud.

– Er bygda splitta etter at saka kom på dagsorden?

– Ikkje slik eg ser det. Det er veldig mange som er imot, nokre som er for og nokre som kanskje ikkje har bestemt seg. Dei største tilhengarane av vindparken finn vi nok på Nordstranda, meiner Nygjerde.

Ho håpar sjølvstøtt motstandarane, som i dette tilfellet også omfattar mange grunneigarar, vinn fram og får kvelt denne saka før det kjem så langt som til søknad om konsesjon.

** På Vestavind Kraft sine nettsider kan publikum finne ein presentasjon av prosjektet, inkludert dette oversynet der mastene er merkte med svarte prikkar.*

Vindkraft i Vanylven

Det har i det siste vore nokre artiklar i media om vindkraft i Vanylven, og vi ønskjer å kommentere nokre av dei ytringane som har kome fram.

Det kan vere greitt å presisere at utgreiing av eventuell vindkraft i Vanylven er i ein svært tidleg fase. Etter at selskapa Tussa, Vestavind Kraft og Zephyr i fjor haust i fellesskap vedtok å utgreie mulegheitene for vindkraft, vart det 20. januar halde eit første informasjonsmøte overfor kommuneadministrasjon og grunneigarar.

Utgreiing av vindkraft er ein lang og omfattande prosess, men dei førebelse vurderingane våre tilseier at det i nokre område i Vanylven kan vere interessant å utvikle vindkraft.

Det er mange forhold som må avklarast før konkrete planar kan presenterast. Ikkje minst er kunnskap om vindressursane avgjerande. Vi har difor ønskje om å inngå avtale med nokre grunneigarar om å setje opp vindmålemaster. Det er først etter vindmåling i eit par års tid vi kan vite om området er eigna for vindkraft eller ikkje. Vi trur også at ein del grunneigarar vil vere interessert i å kjenne til eventuelle mulegheit for vindkraft på eigen eigedom.

Det er i nokre artiklar kome fram frykt for at vindkraft vil utgjere ein stor trussel mot utvikling av turisme i kommunen. Vi skal vere forsiktige med å trekkje basstante konklusjonar ut frå erfaringar andre stader, men undersøkingar har faktisk vist at turisme og aktiviteten generelt i utbygde område har auka etter at vindkraft er bygt ut. Kva betydning vindkrafta spelar inn kan vere vanskeleg å fastslå, men det har ikkje medført negativ utvikling slik nokre har frykta, snarare tvert om. Det har også vist seg at haldninga til



vindkraft har blitt meir positiv etter kvart.

No har ikkje vi tenkt å setje ulike grupper opp mot kvarandre når det gjeld å utvikle eigen næring og arbeidsplassar, men utvikling knytt til vindkraft kan også vere interessant på linje med andre næringer. Dessutan vil vindkraft gi arbeidsplassar i både anleggs- og driftsfasen. Elles vil det gi inntekter til kommunen i form av eigedoms-skatt.

Med omsyn til det fokus som i dag er i forhold til miljø, kan det også vere greitt å minne om at vindkraft er av dei energiformene som gir rein og fornybar energi, utan forureining.

Vi har som intensjon å gi sakleg og god informasjon knytt til utviklinga av vindkraft i Vanylven. Møtet i januar var det første i denne samanheng. Dersom vi går vidare i prosessen med førehandsmelding og konsesjonsøknad, blir det for alle rikeleg høve til å uttale seg i fleire høyringsrunder og tilhøyrande folkemøte.

Elling Dybdal
Adm.dir. Tussa

